



Sakshandsamar:

Torbjørn Hasund
E-post: torbjorn.hasund@sfj.no
Tlf: 57 65 62 73

Vår ref.

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

Dykkar ref.

Møtereferat - planforum 12.02.2014

Stad: Videomøte – Storehagen Atrium Førde, møterom
Hafstad, og Fylkeshuset Leikanger – møterom Jølstra

Referent: Torbjørn Hasund

Kl. 09.00: Møte med Høyanger kommune. Kommuneplanen sin arealdel

Til stades: Arve Varden, Synne Vefring, Jostein Nyland og Kjell Ese – Høyanger kommune, Plav Svangstu – Statens vegvesen, Dag Endre Stedje - FM miljøvernavingdelinga, Oddgeir Aardal – FM landbruksavingdelinga, Arlen Synnøve Bidne - FK KA, Ylva Tyssing, Trond Sundby, Torbjørn Hasund – FK PSA.

Varden opna med å seie litt om det generelle planarbeidet i kommunen. Synne Vefring vidare om arbeidet med arealplanen og byrja med å informere om planprosessen.

Stedje – løysing med bruk av «funksjonelle strandsone» er ok. Det vart vidare diskutert korleis dette skulle visast i plankart. **Stedje tek kontakt med Høyanger for vidare oppfølging.**

Østerbøvatnet og fylling med massar frå kraftutbygging. Det bør under planutarbeinga vere kontakt mellom kommunen og NVE.

Bidne - viste til Riksantikvaren (RA) sin eksempelsamling for kunnskap om vern av eksempel frå industrireisinga, ho viste og til RA sitt NB!-register. For bygg knytt til industrireisinga oppmoda Bidne om at kommunen legg ut omsynssone rundt anlegg som Høyanger kommune meiner er viktig og bør bevarast. Utbyggingsområde nær Ortnevik kyrkje er problematisk. KA ønskjer ikkje nybygg innanfor 60-meterssona. Viktig å bruke terreng i detaljplan for å ikkje redusere kyrkja sin posisjon i landskapet. Viktig at kyrkja framleis vert det dominerande element.

Samferdsle

Svangstu - Prioritering internt mellom prosjekta på fv. 55. Tronvik – Ulvåna er prioritet på topp i den utgreinga vi har laga for fylkeskommunen om heile fv. 55 (Sognefjellet – Vadheim). I RTP står dette prosjektet på 5. plass på marginallista over store investeringsprosjekt.

Varden - kommunen ønsker å komme i gang med deler av Tronvik – Ulvåna. Svangstu – rett å innarbeide disse omleggingane i arealdelen.

Nyland - kommunen ønsker å ta i bruk dei gamle vegsløyfene på utsida av Kvernhaugtunnelen og Hovdetunnelen på fv. 55 til gang- og sykkelveg. Svangstu - det er ikkje noko i vege for det – om fylkeskommunen går inn for det- men slike vegar får vanlegvis ikkje status som gang- og sykkelveg med den driftsstandard den inneber. Slike vegar er berre opne i sommarhalvåret, og vedlikehaldet er sterkt avgrensa til det som er strengt naudsynleg for at dei skal vere farbare. Staten eig ikkje lenger grunnen der gamlevegen ligg, den er ført tilbake til grunneigarane, og eigedomstilhøva må sjølvstøtt ordnast opp i om dette skulle bli aktuelt.

Når no Torvund – Teigen er ferdig, er det strekninga frå Lavik til Torvund som står att i dette området utan riksvegstandard. Det er derfor aktuelt framover å vurdere kva utbetringstiltak som er aktuelle. Det mest trulege er at ei utbetring i store trekk vil følgje eksisterande trase.

Kulturminne

Delar av området i Høyanger sentrum som står i RA sitt NB!-register til næring. Det er ingen problem med å bruke eksisterande bygningar her til næring, men om utvidinga av næringsområdet fører til at bygningane vert rivne vil det kunne være problematisk. I kva grad det er problematisk vil avhenge av om bygningane kan brukast til næring der dei står eller om det føreset at dei skal rivast.



Kart som syner NB! området i Høyanger.

Bidne - samanheng mot kulturminneplanen. Dialog vidare mellom KA og kommunen på det. Problematiske at mange verdiar yngre enn 1900 forsvinn, viktig at KU sikrar tilstrekkelege utgreiingar.

- Omsynssone rundt freda bygningar
- Prestegarden på Lavik
- Tronvik –freda bygg
- Kyrkje 60 meter byggjeforbod / omsynssone
- Middelalderkyrkjegard
- Bevisst forhold til eldre gravstader
- Stølar. Velg ut dei viktigaste og legg omsynssone rundt
- Små skogsvegar, vorar, ta omsyn til i plan

Varden – anleggstrappene i sentrum og på Dalen bekymrar. Står utan vern, og treng forvaltning for å bestå.

Næring

Bidne – Det er Sjøfartsmuseet i Bergen som har ansvaret i høve kulturminne i sjø.

Lokalitet utsett for ras. Kommunen har sjekka ut med NVE som har kartlagt området og vurdert det til at området vil vere rasfarleg også framover. Det er ikkje andre aktuelle lokalitetar per no å flytte anlegget til.

Utvær - fortøyningar til eit anlegg kan gå utanfor akvakulturformålet. Om dei går inn i fiskeområde bør kommunen opprette dialog med fiskeriinteressene for å finne praktiske løysingar. Forbodszone ferdsel bør vere med innanfor formålsområdet. **Oppfølging på akvakulturområdet naudsynt mellom kommune og Fiskeridirektoratet.**

Aardal – planen legg ikkje opp til store konflikter på dyrka mark. Varden – lokalt næringsliv ønskjer avkøyrsløse over Hjellandsjorda. Konfliktfyllt i høve landbruk.

Nyland - også ønskje om beredskapsveg for Øvre Sæbø med kopling til fv 55. Svangstu – generelt veldig streng haldning til nye kryss mot RV og sentrale fylkesvegar som her. Ei moglegheit er tilrettelegging utan allmen tilkopling, stengt for allmen ferdsle, berre i høve beredskap.

Elles diskusjon om 4 bustader nær Hydro sitt område. Tenkt lagt ut som næring / industri – problematisk for huseigarar med manglande avklaring over lengre tid.